



Hardangerrådet iks



NYTTÅR 2023/2024

Orientering om prosjekt og aktivitetar me arbeider med.
Regionrådet 2023-2027



Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane/herada Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forplikande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og eit mål er å gje enkeltkommunane ei sterkare stemme inn mot myndigheiter i stat og fylke samt å utgjera ein meirverdi for medlemskommunane.



I 2023 var Roald Aga, Haug Ullensvang kommune rådsordførar. Frå 2024 er det Timo Knoch, Eidfjord kommune som er rådsordførar, og rådsvaraordførar er Jens Olav Holven, Ulvik herad. Styreleiar er Solfrid Horne-Moe og leiar i rådmannsforum er Magnus Steigedal, Eidfjord kommune. I 2023 hadde Hardangerrådet 9 rådsmøter.

Viktige saker i rådet har vore m.a.:

- Kraft, energi og straumprisar
- Forskingsprosjekt om auka bruk av fjernarbeidsplassar

Aktivitet og prosjekt i 2023

- Regional reiselivsplan
- Reversering av domstolreforma for Hardanger Tingrett
- Rekrutteringsprosjekt i Hardanger
- Prosjektet: "Rein Hardangerfjord" - 5 årig prosjekt
- Nasjonalt frukt- og sidersenter
- NTP 2025-2036
- Turistbåtruta på Hardangerfjorden
- Hjelp til Ukraina frå Hardanger i 2023
- Framdrift i grøn region Vestland
- Såkornfond satsing
- Omstilling og rekruttering i Hardangerrådet



Hardangerrådet møter Hordalandsbenken og Sognebenken

30. januar 2023 møtte Hardangerrådet Hordalandsbenken og Sognebenken til fellesmøte i Bergen. På programmet var drøfting av samferdsel, kraft og inntektssystem.



Hardingtinget 2023



Hardingtinget er alle formannskapsmedlemmane i dei 4 Hardangerkommunane, i alt 32 representantar, og er ein viktig møteplass for regionalt samarbeid.

Hardingtinget 2023 var delt 3 tema:

1. Reiselivsplan for Hardanger
2. Forvaltning av Hardangerfjorden: Næringsutvikling vs naturvern
3. Hardingtinget møter Statsforvaltaren

Aktivitet og prosjekt i 2023



Hardangerkonferansen 2023



Hardangerkonferansen har vore arrangert kvart år sidan 2006, med unntak av 2020. Dette er ein viktig møteplass for nettverk og utvikling i heile Hardanger. Målet for konferansen står støtt sidan starten: *“Det som skal verta varig må endrast! Alle gode krefter som vil utvikling for Hardanger rettar energien same vegen og gjer kvarandre sterke. Motsetningar må på bordet og avklarast”*. Konferansen, med aktuelle framtidsetta tema for Hardanger vart i 2023 arrangert i Ulvik med hovudtema: [“KLIMA, NATUR OG BEREKRAFT”](#)

Konferansen er eit samarbeid mellom Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger, Visit Hardangerfjord, Vestland Bondelag, vertsheradet Ulvik, Næringshagen i Ullensvang, Hardanger og Voss Næringshage og Hardangerrådet.



Rein Hardangerfjord



FRAMTIDSHAVET



SUNNHORDLAND



Prosjektet [“Rein Hardangerfjord”](#) gjennomførte 2. år av det 5 årige prosjektet. Denne gongen var Norheimsund hovudsete for aksjonen og det vart arrangert eit "plast seminar" med internasjonale stjerner. Bodskapen er tydeleg, men med mykje håp til inspirasjon for lokal og global plast rydding.

Det vart også delt kunnskap om forskinga som pågår, den viser ein trend: DET NYTTAR! Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom organisasjonen [Framtidshavet](#) og regionane Hardanger og Sunnhordland.

Aktivitet og prosjekt i 2023



Rådmannsforum

Rådmannsforum er eit nettverk for rådmenna/kommunedirektørane i Hardanger. Dei har eigne møter, samt at dei deltek på nokre Hardangerrådsmøter, Hardingtinget og Hardangerkonferansen. Frå dagsorden kan nemnast forskingsprosjektet om Fjernarbeidsplassar, Stønad til Ukraina, Hardanger og Voss museum, felles forvaltning av Hardangerfjorden.



Prosjekt Fjernarbeidsplassar



Eit forskingsprosjekt eigd av NORCE og Hardangerkommunane, som ser på kva moglegheiter auka bruk av fjernarbeidsplassar kan skapa for vår region. Hovudhypotesen er *“Fabrikkparadigmet har sperret for en utvikling der man selv kan velge hvor man vil bo, uavhenging av hvor arbeidsgiver er”*. Faktum er at 50% av alle jobbar i Noreg kan utførast kor som helst. Prosjektet skal blandt anna greia ut om marknad og potensiale for fjernarbeid her og kva arbeidsgjevarar gjer for å tilretteleggja for fjernarbeid. Prosjektet er igang og fortset inn i 2024. Her finn du litt informasjon hardanger.com



Team Hardanger



Team Hardanger (TH) er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarrettileiarar, leiarane i dei to næringshagane i Hardanger og dagleg leiar i Visit Hardangerfjord. TH har i 2023 vore leia av Mona Haugland Hellesnes, Nærings- og reiselivssjef i Ulvik herad.

TH har hatt 5 møter i 2023, samt ein studietur til Årdal og Nordfjord med fokus på rekruttering og utdanning. Ellers har rekrutteringsprosjekt for heile Hardanger vore viktig arbeid, saman med strategi og mandat for TH.



NÆRINGSHAGEN
I ULLENSVANG

www.nhullensvang.no



NÆRINGSHAGEN
I HARDANGER

www.hardangerhagen.no

I Hardanger har me to næringshagar, Næringsshagen i Ullensvang og Hardanger og Voss næringshage. Begge næringshagane er med i Team Hardanger og saman arbeider dei blandt anna med rekrutteringsprosjekt for Hardanger og Voss. Det er god framdrift i tilbod på utdanning lokalt. Her kan du gå inn på portalen distriktsutdanning.no og finna “Utdanning der du bur”. Dette studiesenteret er felles for Hardanger, Voss og Kvinnherad, og viser lokale tilbud. Dei har også oppretta fleire studenstover, der ein kan studere saman.

Aktivitet og prosjekt i 2023




Etablerartenesta i Hardanger



Etablerarteneste si fyrstelinje er det kommunane som har ansvar for. Etablerarskulen i Hardanger ligg no under Etablerarsenteret i Bergen. Det er fylkeskommunen som eig denne tenesta ilag med kommunane. For meir informasjon og kursoversikt sjå www.etablerasenteret.no



Kompetanseforum Hardanger-Voss



Hardangerrådet er leiar av arbeidsgruppa [“Kompetanseforum Hardanger-Voss”](#) på vegne av Vestland fylkeskommune, og del av kompetanseforum Vestland, samarbeidsorganet for kompetansearbeid i regionen.

Det har denne målsetjinga:

“Målet er å leggje til rette for at kompetanse skal driva fram utvikling i arbeidslivet, avdekka kva kompetansegap som finnst i arbeidslivet og finna løysingar på korleis desse skal fyllast. Partnerane skal setje framtidens kompetansebehov på dagsorden”

Lokalt har me fokus på: Ny kompetanse, desentralisert utdanningstilbod, dimensjonering av utdanningstilboda, karriererettleiing og vidare- og etterutdanning. I dette nettverket er det representantar frå skule, næringsliv, Team Hardanger, kommunar, Vestland fylkeskommune, NAV, næringshagar, opplæringskontora og Hardangerrådet. Målet er gode regionale løysingar for å møta lokale kompetansebehov no og i framtida.



Stride 4 Stride-internasjonalt samarbeid om kompetanse og utdanning



earall
EUROPEAN ASSOCIATION OF REGIONAL & LOCAL
AUTHORITIES FOR LIFELONG LEARNING



Co-funded by the
Erasmus+ Programme
of the European Union

[Stride 4 Stride](#), hadde blandt anna mål å utvikla konsept for å byggja lokale økosystem for rett utdanning lokalt med fokus på å tetta kompetansegapet. Eit slikt økosystem bør inkludera både skule, næring, kommune og utviklingsaktørar. Hardangerrådet iks var partner i prosjektet saman med Karriere Vestland og Vestland fylkeskommune. Prosjektet vart avslutta hausten 2023. [Her kan du lese meir](#)

Aktivitet og prosjekt i 2023



Hardanger og Voss Ungdomsråd



VOS2
bygd av Vossingar



Hardanger
Ungdomsråd
... med auge for framtida!



Hardanger og Voss Ungdomsråd (HU) har dette året hatt 6 rådsmøter samt sommaravslutning. Leiar har vore Camilla Solberg, Voss ungdomsråd, nestleiar Malene Utskot, Kvam ungdomsråd Rådet utviklar seg heile tida, og set mange viktige tema på dagsorden.



Viktige saker og møter i 2023 har vore:

- Å dela informasjon om aktivitet i eige råd til dei andre
- Planlegging og gjennomføring av Opplæringskonferansen 2023 i Øystese.
- Bulyst - kva om kommunane kom og "pitcha på skulane" om lokale moglegheiter
- Tilbod til unge i kvar kommune, lågterskel tilbod som ungdomsklubb og meir synleg helsetilbod til ungdom, og dei oppfordrar vaksne: **Snakk meir med ungdomane!**



Lokal kultur - Internasjonal sider 2020-2024



Iceland
Liechtenstein
Norway grants
Norway grants



Aktivitet og prosjekt i 2023



I 2023 har me blandt anna gjennomført besøk til partnarane, då dette vart utsett pga covid og viktig del av prosjektet. Me får skryt internasjonalt og har oppnådd svært mykje. Vidare arbeid både i Hardanger, men også hjå partnarane, vil byggja vidare på den kunnskapen oppnådd her. Det at næring, forskning, utdanning og samfunnet møtest på denne måten er svært fruktbart. For Hardanger betyr NIBIO Ullensvang veldig mykje, og dette tette samarbeidet har vore særskilt viktig for utvikling av sider i Hardanger, sjølvstøtt saman med Hardanger siderprodusentlag/ produsentane. Men kommunane og reiselivet til dømes, er også viktige for utviklinga. Det sensoriske panelet som til no har vore finansiert av dette prosjektet, fortset i nye prosjekt. Det er viktig for Hardanger.

Har også lyst å nemna at Fagskulen Hjeltnes har fått godkjent eit heilt nytt studie i Norge - Pommelier - som også vil vera med å definera Hardanger som siderregion i framtida. Dokumentasjon og etter kvart sluttrapportar vert lagt ut på hardanger.com.



Nasjonalt Frukt- og sidersenter



HARDANGER OG VOSS
MUSEUM



Prosjektet Nasjonalt frukt- og sidersenter har gjennomført ein mellomfase i 2023. [Rapporten kan du lesa her](#). Det vert no arbeid med å få igang eit hovudprosjekt, og dei har allerede fått midlar til eit mogleighetsstudie og set igang ved starten av 2024.



Regionråda si rolle i Vestland fylkeskommune



Hardangerrådet har partnerskapsavtale med [Vestland fylkeskommune](#) og samarbeider om utvikling i regionen. Denne avtalen samordnar planlegging, strategiar, tiltak og gjennomføring av avtalte samarbeidsområder, og legg opp til at partane skal kunne samarbeide der Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Hardangerrådet samarbeider tett med dei 5 regionråda i Vestland. Me har mykje til felles, og saman er me sterkare, også for Vestland fylke.

Aktivitet og prosjekt i 2023



Hardanger Kulturråd



Hardanger kulturråd, eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane. Rådet har hatt 2 møter i 2023, og er ein viktig møteplass for drøfting og deling av erfaring. Dei er også tildelingsnemnd for Regionalt kulturfond Hardanger.

HARDANGER - BERLIN
HARDANGER sin KUNSTNARBUSTAD i BERLIN



HARDANGER
Kunstlag



[Hardanger-Berlin](#) fortset i 2024, og er finansiert av alle Hardanger kommunane, Vestland fylkeskommune og kunstnarane sjølve. Ordninga er til kunstnarar frå Hardanger, og frå heile Vestland i 3 av 12 mnd. Året 2024 er fulltegna. Ansvar er fordelt slik: Eidfjord kommune har leigekontrakta, Hardanger Kunstlag har økonomiansvar og Hardangerrådet hjelper med adm. Ordninga starta i 2009 og den vart avslutta som ordning i regi av Hardangerrådet i 2016.



HMM Helsehjelp til Ukraina



Hardangerrådet vedtok i 2022 å inngå samarbeid med HMM Helsehjelp til Ukraina. I 2023 bidrog Hardanger med kr 750 000,-, der pengane skulle nyttast til ein mobil tannklinikk, som var eit stor behov. [HMM helsehjelp Ukraina](#) rapporterte direkte til rådet og alle pengane gjekk direkte til formålet.



www.hardanger.com



Hardanger sin nettstad er hardanger.com. Ei felles nettside, der det er lett å bevega seg vidare inn til alle kommunar, reiseliv og anna næringsliv, kunst og kultur med aktivitetsskalendaren til Visit Hardangerfjord. Dette er også Hardangerrådet sin nettstad, med informasjon frå m.a. regionrådet, prosjektarbeid, nyheiter og møtebøker.

www.hardanger.com

Kinsarvik 24.01.2024

Hardangerrådet iks

Trude L. Rinaldo, Konsulent

